# M ø t e r e f e r a t -  F A U

**Sted og dato** 9-6-2016 / Gossen Barne og Ungdomsskole

**Utgivelsesdato** 13-6-2016

**Referent** Ingrid Ilestad

**Tilstede** Janne Beøy, Ellen Grebstad, Rune Stig Skeide, Grete Sporsheim Småge, Lise Småge Hunnes, Cecilie Sæthre Rønstad, Berit Midthaug, Lene Marita Ræstad, Frank Vestad, Jan Kåre Stubseid,Ingrid Ilestad

| Sak | | Status |
|---|---|---|
| 1 | **Referat** | Referatet blei godkjent utan kommentarer. |
| 2 | **Regnskap** | Rune gjekk gjennom regnskapet for skoleåret, sjå vedlagt. Det er ikkje trekt frå inntektene 9. klasse skal ha for dugnaden og loddsalget 17. mai. |
| 3 | **17. mai-evaluering** | Rune gjekk gjennom evalueringa som er gjort etter årets 17. mai arrangement, sjå vedlagt.<br>- Det er stor variasjon på loddbok-salet. Dette må følgjast tettare opp neste år!<br>- 9.klasse er i år eit stort kull, mens dei neste åra har mindre elevar. Dette kan bli ei utfordring med tanke på gjennomføring av arrangementet. Kanskje 8.kl og 9. kl kan samarbeide om å gjennomføre 17. mai?<br>- Det var ein stor fordel at alle utsal solgte alle varene, men det er samtidig ei utfordring med is-sal og frysediskar. Desse blir raskt øydelagde når dei må flyttast på. Dette må ein finne ei god løysing på til neste år.<br>- Det var stor pågang på tombola i år. Kanskje den kan utvidast til to bord neste år? |
| 4 | **Innmeldte saker** | Det kom spørsmål om korleis dei andre klassane ordnar med «klasse-konto». Alle klassane kan no opprette eigen konto via FAU sitt organisasjonsnummer. Klassane må då ha ein ansvarleg person for sin konto. Det er ikkje alle klassane som har eigen konto, og det er ulikt korleis dei sparar til klassetur og avslutningar. |

**God sommer :-)**

Referat blir lagt på Aukra kommune sine heimesider under Skole>Grunnskolar i Aukra>Gossen barne- og ungdomsskole>Råd og utval>FAU